

Leksk.
Plan

STORD
BYGNINGSRÅD

SAK NR.: 543/80

BYGNINGSRÅD
SAK NR.: 143/80


REGULERINGSFØRESEGNER FOR HEIANE INDUSTRTOMRÅDE.

§ 1. Det regulerte område er vist på planen med plangrense.

§ 2. Arealet innafor plangrensa er regulert til:

VEDLEGG TIL
SAK NR. 743/80

K 163/8



I Byggeområde

- område for erverv
- område for einebustader.

II Trafikkområde

- område for kjøreveg
- område for gangveg.

III Spesialområde

- område for komm.tekniske anlegg
- område for lebelte
- område for jord-depot.

IV Landbruksområde

- område for jord- og skogbruk.

§ 3. Desse føresegnerne kjem i tillegg til Bygningslova og gjeldende føresegner for Stord kommune.

§ 4. Etter at desse føresegnerne er gjort gjeldande, er det ikke høve til å oppretta private servitutter som strir i mot føresegnerne.

Område for erverv.

§ 5. "Ervervsområdet skal nyttast til industri, kontor, lager m.v. og handel i tilknyting til slik verksemd.

Utnytting av området til daglegvarehandel eller verksemd der delaljhandelen er det vesentlig formål, vert å handse etter bygningslova § 27 som vesentleg reguleringsendring.

Dette kravet gjeld også for bruksendring av eksisterande bygg."

§ 6. Tomta si utnyttingsgrad, byggehøgd, utforming av bygg og/eller anlegg og bruksformål vil verta avgjort av bygningsrådet i kvart einskild tilfelle.
Bygningsrådet si vurdering er avgjерande.

Særskilt plan for opparbeiding av tomta skal leggast fram for bygningsrådet til godkjenning.

- § 7. Skjemmande utandørsanlegg må ein så langt råd er unngå.
Slike anlegg må i alle høve skjermast av bygningsdeler,
murar eller gjerde, etter påbod og retningsliner frå byg-
ningsrådet.
- § 8. Parkeringsplassar skal planleggast og byggast i samsvar
med stadfesta vedtekts til Bygningslova § 69 pkt. 3.
- § 9. Innan kvar tomt må det settjast av tilstrekkeleg areal til
av- og pålessing.
- § 10. Bygningsrådet kan gje påbod om opparbeidning av utandørsan-
legg. I frisiktsone som er markert på planen, må det ikkje
anleggast noko som hindrar sikten (Jfr. Veglova § 29 og § 31).

Område for einebustader.

- § 11. Maksimal utnytting av området er lik 0,15.
- § 12. Bygningane skal ha saltak eller valma tak, takfall mellom
 20° - 27° .
- § 13. Tillaten byggehøgd er ein etasje. Underetasje kan godkjennast
der dette høver med terrenget.
- § 14. Garasjer skal til vanleg oppførast som tilbygg til bustad-
huset, og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og
farge. Bygningsrådet kan, der tilhøva tilseier det, tillata
oppføring av frittliggjande garasje. Garasjen kan berre førast
opp i ein etasje med grunnflate ikkje over 35 m². og skal vera
tilpassa bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge.
Garasjen kan innafor bestemmelsene i byggeforskriftene, opp-
førast i nabogrense.
Den endelige plassering av garasjen skal fastsetjast av byg-
ningsrådet. Plassering av garasje skal vera vist på situasjons-
plan som ligg ved byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om
garasjen ikkje skal oppførast samstundes med dette.
I tillegg til garasjen skal det vera oppstillingsplass på
eigen tom for 1 bil pr. husvære.

- § 15. Utføring av gjerde, høgd og farge skal godkjennast av bygning-
rådet. Høgd på gjerde må ikkje vera over 0,8 m. inkl. mogeleg
sokkel.

§ 16. Ubebygt areal skal gjevast ei tiltalande form og handlingsmønster.

Trafikkområde.

§ 17. Offentleg kjøreveg skal ha reguleringsbreidde og kurvatur som vist i planen. Mindre endringar kan tillatast når detaljplanlegging gjer dette ønskeleg.

§ 18. Gangvegar/turstrok skal gjennomførast som vist i planen.

Område for kommunal-tekniske anlegg.

§ 19. Området skal nyttast til anlegg for drift av transformatorstasjon.

Område for jorå-depot.

§ 20. Området skal nyttast til lagring av overskotsmasser. (Jord og stein.)

Område for le-belte.

§ 21. I lebelte skal det ikke førast opp noko bygg. Eksisterande vegetasjon må takast vare på. Felling av trær må godkjennast av bygningsrådet.
Le-beltet bør elles plantast til så langt det er turvande for å verne tilstøytende område.

§ 22. Le-beltet kan brukast til leik. Bygningsrådet kan gje løyve til opparbeidning, oppsetting av leikeapparat, etter særskilt plan.

Teknisk Etat, 21.03.1980.

Revidert 26.03.80.

FYLKESMANNEN I HORDALAND
UTBYGGINGSAVDELINGA
6/4/81 *Sætre*